

Høyrings svar om NRK sitt bidrag til mediemangfaldet og om NRK-plakaten

Språkrådet viser til høyringsbrevet frå Kulturdepartementet datert 29. april 2026 om rapporten Medietilsynet har utarbeidd om NRK sitt bidrag til mediemangfaldet og om NRK-plakaten.

Departementet ønskjer høyringsinstansane sitt syn på om det er behov for endringar i NRK sitt oppdrag, formulert i NRK-plakaten med utfyllande avgjerder (§ 12–52 i NRK-vedtektene).

NRK-plakaten inneheld ei rekkje språkpolitiske føresegner og viser det omfattande språkpolitiske oppdraget NRK har som allmenningkastar.

I dette høyrings svaret tek Språkrådet opp følgjande:

- språkoppdraget til NRK og korleis det vert behandla i rapporten *NRKs bidrag til mediemangfaldet*
- korleis føringane i NRK-plakaten best kan medverke til at den norske språkpolitikken vert gjennomført
- norsk teiknspråk som del av språkoppdraget til NRK

1. Bakgrunn

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet.

Ifølgje språklova § 1 skal offentlege organ ta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk, både bokmål og nynorsk, og språkpolitikken skal fremje reell jamstilling mellom dei to skriftspråka. Det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje det minst bruka språket, nynorsk.

Lova seier også at offentlege organ skal ta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk og verne og fremje norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes. Samelova slår fast at norsk og samisk er likeverdige språk, og dei er jamstilte språk etter § 1-5 og kapittel 3 i samelova. Språklova stadfestar at dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk er likeverdige med norsk *som språklege og kulturelle uttrykk* (Prop. 108 L (2019–2020)).

NRK er omfatta av språklova, jf. § 3 første ledd første punktum bokstav c. Etter definisjonane i lova er NRK både «statsorgan», jf. § 2 bokstav c, og «offentleg organ», jf. § 2 bokstav d. Språklova legg ikkje direkte føringar for det redaksjonelle oppdraget til NRK, men ho legg føringar for NRK-plakaten (det publisistiske oppdraget), som igjen legg føringar for innhaldsproduksjonen i NRK.

2. Merknader til Medietilsynet sin rapport om NRK sitt bidrag til mediemangfaldet, punkt 1.2.1

NRK er ein av dei viktigaste språkaktørane i landet og spelar ei avgjerande rolle for det norske språket i media og i det norske samfunnet. Som einaste offentleg eigde allmennkringkastar er NRK heilt sentral for å styrkje norsk som det nasjonale hovudspråket i Noreg og bidra til at bokmål og nynorsk er jamstilte språk som kan brukast i alle delar av samfunnet, i tråd med språklova § 4. Språkrådet ber difor om at eventuelle endringar i NRK-plakaten skjer utan at krava om høg språkleg kvalitet i NRK vert svekte.

I rapporten (s. 7) skriv Medietilsynet at språkoppdraget til NRK er styrkt sidan 2021, mellom anna med presiserte krav til innhald på norsk teiknspråk og nasjonale minoritetsspråk. Under punkt 6 i kapittelet om vurderingar og tilrådingar slår Medietilsynet også fast at «NRKs systematiske tiltak for mangfold, integrering og tilgjengeliggjoring gjør at NRK kan være en foregangsaktør og bidra til å styrke mangfoldet i andre redaktørstyrte medier gjennom samarbeid. Språkoppdraget og kravene til tilgjengeliggjoring og universell utforming tydeliggjør NRKs særskilte rolle.» (Medietilsynet 2026, s. 10).

Sjølv om Språkrådet stiller seg bak premissen i teksten ovanfor om den viktige rolla allmennkringkastaren har i språkarbeid, er vi ikkje samde i vurderinga til Medietilsynet, som konkluderer med at det ikkje er «avdekket behov for nye krav som utvider eller tydeliggjør NRKs ansvar for språk, minoriteter eller universell utforming» (Medietilsynet 2026, s. 10).

I høyringsnotatet ber departementet om høyringsinstansane sitt syn på behovet for endringar i NRKs oppdrag. Språkrådet meiner det er grunnlag for å tydeleggjere ansvaret NRK har for språk, og særleg for språklege minoritetar. Vi ønskjer difor å komme med nokre tilrådingar som bør vurderast vidare i arbeidet med NRK sitt oppdrag, og som kan vere med på å styrkje språkarbeidet i NRK og rapporteringa til Medietilsynet:

- **Auke og styrkje samarbeidet med nordiske medieaktørar**

Eit samarbeid med andre nordiske medieaktørar vil både gagne nabospråksforståinga og leggje til rette for meir innhald på dei nasjonale minoritetsspråka. Samarbeidet med NRK Sápmi og dei samiske redaksjonane i Yle, SVT og Sveriges Radio er eit konkret døme på eit slikt samarbeid. Det kunne fungert som modell for eit liknande tilbud for kvensk, romani og romanes.

Eit slikt samarbeid ville også følgt opp tilrådinga i NOU 2025: 7 *Musikklandet* om verkemiddel for infrastrukturen for musikk på dei nasjonale minoritetsspråka: «NRK bør utvikle en strategi for å synliggjøre nasjonale minoriteters musikk» (NOU 2025: 7, s. 19). Det er lite som skal til for å gjere dei nasjonale minoritetsspråka meir synlege, og deling av kulturinnhald på tvers av dei nordiske allmennkringkastarane ville lagt til rette for

nettopp dette. Ei styrking av samarbeidet mellom nordiske medieaktørar vil også kunne følgje opp tiltak 10 og 12 i *Handlingsplan for kvensk språk 2026–2031*.

Ei styrking av samarbeidet mellom nordiske medieaktørar vil også kunne følgje opp punkt 2.6.4 i Medietilsynet sin rapport, der det står at kvenske organisasjonar meiner NRK si kvenske satsing er for lita.

- **Utvide nynorskravet slik at det også gjeld sosiale medium**

NRK bør rapportere kor mykje av innhaldet på sosiale medium som er på nynorsk, og følgje språkvedtektene sine også der (jf. tilråding i Språkrådets mediekartlegging, 2026). Det er på sosiale medium barn og unge får med seg nyheiter og brukar store delar av fritida si. Det er ingen grunn til at vedtektene for språk i rikskringkastinga ikkje skal gjelde deira eigen produksjon på sosiale medium.

- **Tydeleggjere rolla til teiknspråkleg innhald i NRK**

NRK bør tydeleg skilje mellom tilgjengelegheitstiltak (som tolking og teksting) og det språkpolitiske ansvaret for eigenproduksjon på norsk teiknspråk.

Ein måte å gjere dette på er å definere slik produksjon som ei sjølvstendig redaksjonell verksemd. NRK kan til dømes etablere ein eigen teiknspråkredaksjon der dei primært tilset førstespråksbrukarar av teiknspråk.

Vidare bør NRK bidra aktivt til å utvikle eigne teiknspråklege offentlegheiter, ikkje berre gjere majoritetsoffentlegheita tilgjengeleg. Her understrekar Språkrådet at det er eit skilje i kringkastingsforskrifta mellom § 2A-1 bokstav f, «daglig sende fjernsynsprogrammer med tegnspråktolking», og § 2A-1 g, «daglig sende fjernsynsprogrammer på norsk tegnspråk».

Tilbodet må også sikre barn og unge tilgang til språklege rollemodellar på norsk teiknspråk, og det trengst nye program på norsk teiknspråk som ikkje er omsette frå norsk eller andre språk.

Språkrådet meiner det ikkje er nok at innhald vert teiknspråktolka, eller at teiknspråkleg innhald vert sendt i reprise. Som offentleg aktør skal NRK verne og fremje norsk teiknspråk. Difor har NRK ansvar for at det også vert sendt nytt og relevant innhald på norsk teiknspråk. Vi utdjupar dette i kapittel 4.

3. Merknader til dei einskilde paragrafane i NRK-plakaten

I denne delen tek vi føre oss relevante paragrafar i NRK-plakaten §§ 12–52 og ser på korleis endringar i desse paragrafane kan hjelpe NRK med å oppfyllespråkoppdraget sitt.

Merknad til § 16

§ 16: «NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha forankring i og speile det kulturelle

mangfoldet i Norge. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkningen. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter samt innhold for tegnspråklige. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.»

Framlegg om tillegg:

NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. NRK skal også verne og fremme norsk tegnspråk og de nasjonale minoritetsspråkene. En stor andel av tilbudet skal ha forankring i og speile det kulturelle mangfoldet i Norge. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkningen. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter samt innhold for tegnspråklige. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

Språkrådet vil her understreke at NRK ifølgje språklova også pliktar å verne og fremje norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes. Produksjon av innhald på dei nasjonale minoritetsspråka er med på å spegle det kulturelle mangfoldet i Noreg. Difor bør det komme fram av § 16 første ledd at dei nasjonale minoritetsspråka også har ein særskilt status hos NRK. Her meiner Språkrådet ein til dømes kunne vedtektsfesta eit mål om eit bestemt tal produksjonar i året på norsk teiknspråk og på kvensk.

I rapporten til Medietilsynet melder NRK om at det er «vanskelig å levere innhald på romani og romanes på grunn av manglende normering, og har etterlyst kartlegging av dialektene fra Språkrådet» (Medietilsynet 2026, s. 53). Språkrådet vil gjere det klart at manglende normering, altså manglende standardisering av skriftspråka, ikkje er noko hinder for å levere innhald på dei. Slik Språkrådet har forstått det, handlar utfordringane heller om at det er svært få som talar romani, medan det for romanes finst talarar, men at det av praktiske grunnar er vanskeleg å levere innhald på språket. Språkrådet er i dialog med NRK om kva variantar av romanes det vil vere naturleg å basere seg på når NRK produserer innhald.

Då Språkrådet kom med innspel til NRK-plakaten i 2022, la vi vekt på at NRK bør vere meir medviten om den rolla NRK spelar for nabospråksforståinga i Norden. Dette meiner vi framleis. Nabospråksforståinga i dei skandinaviske landa har dei siste tiåra vorte dårlegare, og engelsk er i ferd med å ta over som samtalspråk når folk frå ulike land i Norden snakkar med kvarandre. Talesyntesen som overstyrer ikkje-norsk tale i nyheitssendingar på radio (til dømes i Dagsrevyen), og som set om frå svensk og dansk til norsk, er eit døme på ein praksis som er uheldig for nabospråksforståinga. NRK er ein sentral aktør som eksponerer befolkninga for nabospråka. Når NRK Super dubbar nordiske produksjonar til norsk, mistar norske barn ein viktig arena for læring av svensk og dansk. Språkrådet rår NRK til å slutte å dubbe nordiske produksjonar til norsk.

Merknad til § 19

§ 19: «NRKs tilbud skal i hovedsak ha innhold på norsk. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk. NRK skal også tilby innhold på samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og tegnspråk.»

Framlegg om tillegg (jf. innspelet vi kom med i 2022):

NRKs tilbud skal i hovedsak ha norskspråklig innhold, og minst 25 prosent av det muntlige og skriftlige innholdet skal være på nynorsk. NRK skal også tilby innhold på samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og tegnspråk.

Grunngjeving for framlegget:

Historisk har innhaldet i radio og fjernsyn vore munnleg, men i dag har NRK sær s mykje skriftleg innhald, både på nettsidene, på sosiale medium og i teksting av program. Det er dei siste åra gjort eit viktig løft for å få nok nynorsk på nettsidene til NRK, sjølv om kravet om 25 prosent ikkje vart nådd i 2025. Teksting av innhald på sosiale medium er ikkje teke med i utrekninga, men bør takast med. Språkrådet vil difor presisere at vekslingskravet gjeld alt norskspråkleg innhald, både teksting til norsk og all tekst på NRK sine flater på sosiale medium.

Merknad til § 22

§ 22: «NRK skal fremme barns rett til ytringsfrihet og informasjon, og skjerme barn mot skadelige former for innhold. NRK skal ha norskspråklige programmer for barn under 12 år, jevnlig norskspråklige programmer for unge, og jevnlig programmer for barn og unge på de samiske språkene.»

Framlegg om tillegg:

NRK skal fremme barns rett til ytringsfrihet og informasjon, og skjerme barn mot skadelige former for innhold. NRK skal ha daglige norskspråklige programmer for barn under 12 år og for unge mellom 12 og 18 år, og jevnlig programmer for barn og unge på de samiske språkene og norsk tegnspråk. NRK skal også tilby innhold for barn og unge på kvensk, romani og romanes.

Grunngjeving for framlegget:

Tilbodet av nye norske seriar og filmar retta mot ungdom er avgrensa. Difor meiner Språkrådet at NRK bør leggje til rette for program spesielt for målgruppa 12 til 18 år for å byggje opp eit meir solid og mangfaldig medietilbod på norsk for unge. Det er naudsynt både for å heve statusen til norsk språk i denne aldersgruppa og for å heve morsmålskompetansen til dei unge.

Ei kartlegging Språkrådet har gjort av det norskspråklege medietilbodet til barn og unge, viser at nye digitale og internasjonale medie- og kulturprodukt utfordrar etablerte nasjonale medium (Språkrådet 2026). Barn og unge brukar ein stor del av kvardagen på

medieplattformer der engelsk språk dominerer, til dømes strøymetenester. Det betyr ikkje at dei unge ikkje likar det norskspråklege tilbodet, men heller at tilbodet ikkje strekkjer til og forsvinn i møte med det engelske innhaldet. Det er særleg i tenåra at engelskspråkleg innhald dominerer. I tråd med at norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka har fått lovfesta status, tilrår Språkrådet at tilbodet til barn og unge på desse språka også vert framheva i NRK-plakaten.

Merknad til § 26

§ 26: «NRK skal ha et særlig ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner.»

Språkrådet vil her understreke at både innhald på mindretalsspråket nynorsk og innhald på norsk teiknspråk og minoritetsspråka kvensk, romani og romanes er tematiske og geografiske blindsoner. Som allmennkringkastar spelar NRK ei heilt sentral rolle i å synleggjere desse språka. Difor bør det også komme tydeleg fram i NRK-plakaten at NRK skal leggje til rette for innhaldsproduksjon på alle språka staten har ansvar for.

4. Merknad om norsk teiknspråk og samfunnsoppdraget til NRK

4.1 Bakgrunn og rettsleg ramme

Språkrådet viser til språklova § 1 c, som slår fast at offentlege organ har plikt til å *verne og fremje norsk teiknspråk*. Det inneber å verne norsk teiknspråk mot diskriminering, manglande respekt og sanksjonar (Prop. 108 L (2019–2020), punkt 12.1.4, s. 89). Vernet mot språkleg diskriminering går lenger enn reglane i likestillings- og diskrimineringslova § 6.

Å fremje eit språk inneber å sikre bruk, utvikling og deltaking på sentrale samfunnsområde, og å leggje til rette for at språket kan fungere som eit fullverdig språk i offentlegheit, kultur og samfunnsliv (Prop. 108 L (2019–2020), punkt 12.1.4, s. 88–90; Kulturdepartementet 2019, punkt 2.7.2, s. 48–49). Dette ansvaret må tilpassast kvart enkelt av arbeidsområda til det offentlege organet. Det er ei aktiv språkpolitisk plikt som strekkjer seg vesentleg lenger enn krav om universell utforming og tilgjengeleggjering gjennom tolking og teksting (jf. kringkastingsforskrifta § 2A-1).

Noreg må i tillegg oppfylle folkerettslege forpliktingar gjennom FN-konvensjonen om rettar til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD). Etter denne konvensjonen skal staten sikre ytringsfridom og meningsutveksling (artikkel 21) og leggje til rette for mellom anna bruk av teiknspråk i offentleg kommunikasjon.

Ifølgje CRPD skal staten dessutan anerkjenne og støtte særleg kulturell og språkleg identitet, inkludert teiknspråk og døvekultur (artikkel 30 fjerde ledd). Dette inneber at teiknspråk ikkje berre skal fungere som eit tilpassingsverktøy, men som eit sjølvstendig språk og ein sentral kulturberar. Konvensjonen er inkorporert i norsk rett gjennom menneskerettslova og har forrang framfor anna norsk lov ved motstrid, noko som skjerpar krava til korleis norske styresmakter oppfyller pliktene sine.

Vidare gjeld FNs konvensjon om sivile og politiske rettar (SP-konvensjonen), som gjennom menneskerettslova også har forrang i norsk rett. Artikkel 27 i SP-konvensjonen slår fast at personar som høyrer til språklege minoritetar, ikkje skal nektast retten til å bruke sitt eige språk og utøve sin eigen kultur saman med andre i gruppa. Denne retten omfattar ikkje berre privat språkbruk. Han gjeld også deltaking i offentlegheit, kultur og samfunnsliv på eige språk. Norsk teiknspråk må sjåast på som ein del av det språklege mangfaldet i Noreg og ein del av den norske kulturarven. Det betyr at ei offentleg verksemd som NRK har plikt til å verne og fremje teiknspråk som eit språk med grunnleggjande verdi i seg sjølv (jf. høyringsnotat frå Kulturdepartementet 2019, s. 49). NRK er allmennkringkastar og ein sentral premissleverandør for norsk offentlegheit. Språkrådet meiner difor at NRK må setje inn tiltak for å nå dette målet, jf. punkt 4.3 nedanfor om skiljet mellom tilgjengelegheit og språkpolitikk.

4.2 Krav om språkleg deltaking og revitalisering

Når både CRPD og SP-konvensjonen har forrang gjennom menneskerettslova, inneber det at staten har plikt til å sikre reell språkleg deltaking på norsk teiknspråk. Norsk teiknspråk må også ha eigne språklege domene der språket kan utviklast og brukast på eigne premissar.

I Medietilsynet sin rapport *NRKs bidrag til mediemangfoldet* (2026, kapittel 4.1.1, s. 40) står det at språkoppdraget til NRK er styrkt, og at det er behov for å revitalisere nasjonale minoritetsspråk som kvensk, romani og romanes. Språkrådet vil understreke at dette revitaliseringsperspektivet *også gjeld norsk teiknspråk*. Norsk teiknspråk er under press, slik det er dokumentert i *NOU 2023: 20 Tegnspråk for livet*. Difor kan plikta til å fremje språket etter språklova § 1 c forståast som ei plikt til aktiv revitalisering. Dette inneber å styrkje bruken av norsk teiknspråk i samfunnslivet, utvikle språkleg kompetanse og sikre tilgang til språklege fellesskap. Her spelar NRK ei vesentleg rolle som allmennkringkastar.

4.3 Skiljet mellom tilgjengelegheit og språkpolitikk

Språkrådet meiner NRK må skilje tydeleg mellom eit tilgjengelegheitsperspektiv og eit språkpolitisk perspektiv. Det bør også komme tydeleg fram når Medietilsynet vurderer NRK sitt oppdrag og bidrag til mediemangfaldet. Tilgjengelegheit handlar om å gjere norskspråkleg innhald tilgjengeleg gjennom tolking og teksting. Det språkpolitiske perspektivet handlar derimot om å utvikle, bruke og styrkje norsk teiknspråk som *eige språk*, jf. punkt 4.1 ovanfor. Rapporten til Medietilsynet tek i hovudsak føre seg norsk teiknspråk i eit tilgjengelegheitsperspektiv. Dette er etter Språkrådet si vurdering ikkje tilstrekkeleg, sett i lys av språklova og dei folkerettslege forpliktingane Noreg har.

Nedanfor peikar vi på nokre særskilde punkt vi meiner bør takast med i vurderinga av endringar i NRK sitt oppdrag og NRK-plakaten, slik departementet etterspør i høyringsnotatet.

Status og behov for sjølvstendig teiknspråkleg produksjon

I dag er teiknspråktilbodet til NRK i stor grad basert på tolking av norskspråkleg innhald og sekundær omsetjing av nyheiter og aktualitetsstoff. Dette fører til at teiknspråket vert underordna norsk, både språkleg og redaksjonelt, og at det i avgrensa grad vert utvikla sjølvstendig teiknspråkleg journalistikk. Tilbodet oppfyller med andre ord plikta til tilgjengeleggjing, men ikkje plikta til å fremje språket.

Språkrådet meiner at krav om innhald på norsk teiknspråk føreset eigen redaksjonell produksjon. Det vil leggje til rette for autentisk språkbruk, språkleg kvalitet og utvikling av ein teiknspråkleg diskurs. I høyringssvaret sitt til Medietilsynet under arbeidet med rapporten om NRK sitt bidrag til mediemangfaldet peika Norges Døveforbund på at norsk teiknspråk er ei «blindsona». I den publiserte rapporten *NRKs bidrag til mediemangfoldet* (Medietilsynet 2026, s. 21) står det at Norges Døveforbund føreslår konkrete krav, mellom anna teiknspråkproduksjonar, betre representasjon, kriseinformasjon på teiknspråk i sanntid og eigen teiknspråkredaksjon. Språkrådet stiller seg bak dette framlegget.

Barn, unge og språklege offentlegheiter

Mange barn og unge som brukar norsk teiknspråk i dag, bur spreidd og har avgrensa tilgang til teiknspråklege miljø i kvardagen. NRK har difor ei særleg viktig rolle i å sikre tilgang til språklege rollemodellar. Barn og unge treng å møte døve og hørselshemma førstespråksbrukarar som er aktive deltakarar i samfunns- og kulturliv, og som brukar teiknspråk i journalistikk, formidling og offentleg debatt. Dette er avgjerande for språkutvikling, identitetsutvikling og tilhøyrse, og det er ein sentral del av plikta til å fremje språket.

I *Ytringsberedskap – Nasjonal strategi for eit ope og opplyst offentleg ordskifte* (2025, s. 14) vert det slått fast at «[d]et dreier seg òg om høvet til å etablere eigne offentlegheiter der teiknspråklege, den samiske befolkninga og dei nasjonale minoritetane kan utvikle sin eigen kollektive identitet. Her er språket ein viktig kulturberar og identitetsmarkør.» NRK bør difor bidra til å etablere eigne offentlegheiter der teiknspråklege kan utvikle sin kollektive identitet. Dette heng direkte saman med språklova § 1 c, CRPD og SP-konvensjonen artikkel 27.

Beredskap og samfunnskritisk informasjon

I eit beredskapsperspektiv er det heller ikkje nok med berre tolking. For å oppfylle pliktene etter totalforsvaret, Sendai-rammeverket for reduksjon av katastroferisiko (2015–2030) og CRPD må staten også kunne formidle kritisk informasjon direkte på norsk teiknspråk. Sendai-rammeverket for reduksjon av katastroferisiko (2015–2030), som Noreg har slutta seg til, føreset at befolkninga har tilgang til risikoinformasjon, tidleg varsling og samfunnskritisk kommunikasjon på ein tilgjengeleg og forståeleg måte. Eit av dei globale måla er å styrkje system for varsling og risikoinformasjon til befolkninga. Rammeverket understrekar dessutan at kommunikasjonen skal vere inkluderande, vere

tilpassa ulike brukargrupper og bidra til full deltaking i samfunnet. For norske teiknspråkbrukarar vil dette seie at viss informasjonen skal vere reelt tilgjengeleg, må han formidlast direkte på norsk teiknspråk. NRK har som allmennkringkastar eit særleg ansvar for å sikre slik tilgang.

Teiknspråkleg informasjon kan ikkje reknast som eit supplerande tilgjengelegheitstiltak, men må reknast som ein føresetnad for likeverdig tilgang til livsviktig informasjon. Slik sett er teiknspråkleg informasjon ein del av staten sitt beredskaps- og informasjonsansvar.

Kjeldeliste

FN. (2015). *Sendai Framework for Disaster Risk Reduction 2015-2030*.

<https://www.undrr.org/publication/sendai-framework-disaster-risk-reduction-2015-2030>

FN. (2006). *Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD)*. Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/2006-12-13-34>

FN. (1972). *FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter (SP)*. Justis- og beredskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/fn/fn-konvensjoner/fns-konvensjon-om-sivile-og-politiske-rettigheter-sp/id88149/>

Kommunal- og distriktsdepartementet. (2026). *Handlingsplan for kvensk språk 2026–2031*. <https://www.regjeringen.no/contentassets/17533092f54b46af810807afd854da1c/no/pdfs/handlingsplan-for-kvensk-sprak-2026-2031.pdf>

Kringkastingsforskriften. (1997). *Forskrift om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester mv.* (FOR-1997-02-28-153). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-02-28-153/>

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2025). *Ytringsberedskap – Nasjonal strategi for eit ope og opplyst offentleg ordskifte*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/ytringsberedskap-nasjonal-strategi-for-eit-ope-og-opplyst-offentleg-ordskifte/id3119708/>

Kulturdepartementet. (2019). *Høyringsnotat – utkast til lov om språk (språklova)*. [Høyringsnotat]. <https://www.regjeringen.no/contentassets/0be8836dbc0046daa6148a7776fb4275/spraklov-hoyringsnotat---siste-versjon-26.8..pdf>

NOU 2023: 20. (2023). *Tegnspråk for livet. Forslag til en helhetlig politikk for norsk tegnspråk*. Kultur- og likestillingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-20/id2984187/>

NOU 2025: 7. (2025). *Musikklandet. Flerstemt musikkpolitikk for framtiden*. Kultur- og likestillingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2025-7/id3110550/>

Norges Døveforbund. (2025). *Norges Døveforbunds innspill om NRKs bidrag til mediemangfoldet*. [Høyrings svar]. https://www.medietilsynet.no/globalassets/dokumenter/horinger/2025/nrks-bidrag-til-mangfold-og-konkurranse/251127_doveforbundet.pdf

Medietilsynet. (2026). *NRKs bidrag til mediemangfoldet*. <https://www.medietilsynet.no/fakta/rapporter/kringkasting/2026/nrks-bidrag-til-mediemangfoldet/>

Prop. 108 L (2019–2020). *Lov om språk (språklova)*. Kultur- og likestillingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/>

Samelova. (2023). *Lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold*. (LOV-1987-06-12-56). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1987-06-12-56/kap3#kap3>

Språklova. (2022). *Lov om språk*. (LOV-2021-05-21-42). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42?q=spr%C3%A5klova>

Språkrådet. (2022). *Høyringsfråsegn om NRK-plakaten*. [Høyrings svar]. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-nrk-plakaten/id2888982/?uid=9cf5ae5a-5266-4760-b30a-8042e35e9e5b>

Språkrådet (2026). *Norsk under press. Ei kartlegging av medietilbodet til barn og unge*. https://sprakradet.no/wp-content/uploads/Norsk-under-press_-Ei-kartlegging-av-medietilbodet-til-barn-og-unge.pdf